



Aktivitetshuset må vera fullført innan 1. juni. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Som venta har fylkeskommunen no sagt ja til ei utsetjing av arbeidet med Aktivitetshuset i Uskedalen, men berre ut mai neste år.**

Fylkesidrettssjefen truga med inndraging av spelemidlane, men kommunen betrakta som ein rein formalitet og søkte om utsetjing.

No strekar fylkesidrettssjef Britt Karen Spjeld under at anlegget skulle vore planlagt fullført innan 30. mai 2005. Difor kan ho ikkje imøtekomma søknaden om eitt års utsetjing frå no.

Men utifrå ei totalvurdering gjev fylkeskommunen ein ny frist til 30. mai med å levera ferdigattest og sluttregneskap, stadfesta av kommunerevisjonen.

Ytterlegare utsetjing vert ikkje innvilga, presiserer Spjeld.

Arbeidet med Aktivitetshuset er no inne i den siste fasen.

I neste månad startar fullføringa av garderobane.

Av Ola Matti Mathisen